

Rådmann
Ordfører


Kultivering av friområde i Alvermarka, som ligg på grunn eigd av Lindås kommune.

Vi viser til samtale mellom Atle Våge og Johanna Sundland (Rishaugane 14), synfaring i området gjennomført av Våge, og møte mellom leiar i Alvermarka Vel, prosjektgruppa for Aktivitetspark i Alvermarka og Våge 6.oktober 2017.

Bakgrunn:

Alvermarka bustadfelt har eit samarbeid med Lindås kommune som går på vedlikehald og oppgradering av eksisterande stiar og gangveggar.

I denne forbindelse, har det kome inn eit behov frå alle naboane som grensar til friområdet i nedre del av Alvermarka, til saman 8 bueiningar. Desse melder inn behovet for ei kultivering med beskjerjing og nedskjerjing av vegetasjon som har vakse seg altfor stor. Trea er no så store at det må profesjonelle aktørar til for å handtera desse, og ei skog av denne størrelsen samrår ikkje med reguleringsplanen for området. Då dette friområdet ligg på kommunen si grunn, ser vi det som kommunen si oppgåve å vedlikehalda dette området. Det aktuelle friområdet ligg over Tømmervika, på oppsida av Alvermarka-vegen, sjå kartutsnitt, grønt område.



Konklusjon:

På vegne av desse naboane, engasjementet og det unisone behovet dei legg fram for beskjerjing av eksisterande vegetasjon, så melder eg inn saka som eit behov som treng bistand frå kommunen. Vi veit at økonomien i kommunen skapar utfordringar for saker som dette, men ynskjer at vegetasjonen vert teken hand om før det vert ein større utfordring.

Med helsing

Hans Kenneth Sundsbø
Leiar i Alvermarka Velforeining